

Superdag i Fjellhaugen!

22.03.2015



Herleg dag i Fjellhaugen

Laurdag vart langrensskarusellen 2015 avslutta med Telenorrennet i Fjellhaugen. Det vart ein strålande finale på ein god og aktiv sesong.

- Det vart ein kjempedag både for deltakarar, publikum og arrangør. Veret og forholda elles var jo heilt topp, kan Cathrine Haugland fortelja på vegne av arrangørane i Uskedal idrettslag.



Kjekt med oppvarming til barnerenn

Cathrine Haugland fortel vidare at Telenorrennet var eit sprintrenn med løype på ca. 800 meter som føregjekk rundt flata nede ved den gamle varmestova. Som vanleg var det barneskirenn først der 34 forventningsfulle barn stilte på startstreken etter at dei hadde hatt ei kjekk oppvarmingsøkt før start. Uskedelingane Viljar Hella Berge-Soldal, Nora Hjønnevåg, Isak Taranger, Linnea Enes, Linnea M. Ripel, Linnea Njaastad Rød og William Eik var blant dei blide og fornøgde deltakarane.



Start barneskirenn.

- I konkurranseklassen var det først prolog og den talde som 5. renn i den vanlege karusellen, fortel Cathrine og held fram. Dei som er 11 år og eldre gjekk vidare til mellomheat, før vi slo saman fleire klassar til 3 finaleheat. Det heile vart avslutta med ein superfinale mellom dei 2 beste i kvart finale heat.

I konkurransklassen stilte Uskedal idrettslag med 24 deltagarar, og mellom dei yngste som hadde tidtakking, men ikkje vart rangert var: Amund Hella Berge-Soldal, Malena Hjelmeland, Karoline E. Myklebust, Sigrid Lekva, Anna Elisabeth S. Eik, Olve S. Tveit, Tobias H. Berge Soldal, Pål I. Haugland, Oliver Enes og William Hjørnevåg. Alle gjorde ein flott innsats.

For dei som var eldre var det 6 mellomheat, og 4 av heatvinnarane har tilknytning til Uskedalen. Silje Soldal(J11/12), Synne Eikeland(J13/15), bur i Sandnes), Ingebjørg Haugland(J16-K19) og Viljar S. Tveit(G13/15) vart heatvinnarar saman med rosendelingane Henrik Bauge og Eirik Steinsvik. Som eit forsmak på påsken fekk desse påskeegg som ekstrapremie.



I flott driv gjennom løypa

Dei 3 beste i mellomhata gjekk så vidare til finalane før dei 2 beste i kvart finaleheat utgjorde dei 6 i superfinalen. Der konkurrerte 13 åringane med seniorane, etter eit handicapsystem. Prologtidene var lagt til grunn, og det fungerte slik at dersom dei eldre hadde 15 sekund betre tid i prologen, måtte dei starta tilsvarande etter i superfinalen. Unge Viljar S. Tveit gjorde ein imponerande innsats og heldt lenge på leiinga, men han måtte gje tapt på slutten. Henrik Bauge vann den spennande superfinalen der også Hanna Tvilde og Synne Eikeland var med.

- Vi fekk tilbakemeldingar på at rennet var veldig kjekt for publikum. Dei kunne jo sjå løparane heile tida, og dei syntest det var spennande, kan Cathrine fortelja.

Arrangementet gjekk raskt og knirkfritt. Det var flott premierung. I fineveret var det også mange som nyttet høvet til å kosa seg med grillmat og anna godt. Arvid Hjelmeland hadde sytt for å få stor flott grill på plass. Eg får inntrykk av at stemninga var minst på høgde med det vi kan oppleva i Kollen. Ein flott avslutning på ein god sesong for den aktive, dyktige og miljøskapande skigruppa i bygda vår.



Flotte premiar!

Vi let ei av drivkreftene i den Cathrine Ølmheim få siste ordet:

- I og med at Telenorkarusellen er eit samarbeidsprosjekt mellom Telenor og Skiforbundet, var det Telenor som stilte med dei fleste premiane. I tillegg overraska Spar USkedalen oss med mange flotte ekstrapremiar og godsaker til deltakarane. Vi er så takksame for den gode støtta dei gjev oss. Det set vi stor pris på, det er verkeleg inspirerande. Og så må de overbringa ei stor takk til alle dei gode hjelparane våre, både foreldre og andre, som alltid er så positive og stiller opp og hjelper til. Det gjer alt så mykje lettare!
God ord frå styret i skigruppa i idrettslaget!





Uskedals svar på Tord Asle Gjerdalen: Stig Berge-Soldal.



Vennskapeleg duell! Kari best i prologen, Ingebjørg best i heatet.



Superdag!

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Foto: Kari Bråtun og Kjetil A. Rød